



Ein spennig fottur til fjelltoppen Kattnakken 724 m.o.h. Høgdeforskjell frå parkeringplass til toppen: 300 meter. Flott utsikt frå toppen i godt ver.

A refreshing hike to the summit of the 724 m. high Kattnakken (Cat's Neck), 300 m. higher than the parking area at Heio. Excellent view in clear weather.



Frå Kattnakken.

Foto: Jan Rabben



Kattnakken.

Foto: Kreativ

### Rute og ymse av interesse

Terrang: Grusa anleggsveg, alternativ sti. Delvis bratte parti.  
Tid: 1 1/2 - 2 timar.

Ta av frå E39, anten i Førlandskrysset nord for Rommetveit eller i Ådlandskrysset nord for Leirvik, vegen er baa stadar merka «Fjellgardane». Frå Presthaugkrysset følgjer ein vegen til Lundseter fjellstove og vidare ca. 3 km til parkeringsplass på Heio. Vegen opp til Heio kan vera stengt med bom ved Lundarstøl om vinteren.

Heio (1) er ei ca. 400 daa stor gras- og myrslette (morene) som frå gamalt har vore viktig saubeite for bøndene på Stord. Vegetasjonen er dominert av kysttypiske artar, myr- og lyngsamfunn med noko blåbærlyng og gras-eng innimellom. Om vinteren er Heio mykje brukt som skiområde. «Steinen» som ligg heilt nord på Heio er eit mykje brukt turmål om vinteren.

### Route and places of interest

Terrain: Gravel road, alternative footpath. Some steep parts  
Time: 1 1/2 Hours.

Depart from the junction of E39 and the road from Leirvik/Romarheim at the sign to *Fjellgardane* and follow this road about 1km. Turn right and follow this road to Lundseter mountain hostel and proceed about 3 km. to the parking area at Heio (1).

Heio (1) is an old moraine, a grass and wetland area of some 100 acres and an important sheep pasture for the farmers on Stord down through the ages. The flora is dominated by coastal heather and wetland species interspersed by areas of blueberry and grasses. Heio is a popular skiing area during winter and "Steinen", the large rock at the northern perimeter of the plain, is frequently the destination of the family skiing trip.



Vegen opp til Kattnakken fjernsynsmast (2) vart bygd i 1968. Masta (Stord Kringkastar) kom i drift året etter. Vegen er sprengt inn i fjellsida og har jamn stigning mot toppen.

Stordøya er eit geologisk interessant område, mest som eit høgfjell ut mot havet. Det meste er gabbro og gang- og dagbergartar av gabbro. Fjellformasjonane i dette området har mange geologiske godbitar å by på.

Kattnakken (2) er namnet på den nordaustre delen av det flate fjellpartiet som strekkjer seg frå Stovegolvet i sør via Skorafjellet til Midtfjellet i nord. Høgaste punktet på Kattnakken er 724 m.o.h. og dette er nest høgste punktet på heile Stordøya. Berre Mehamarsåta mot nord er høgare (749 m.o.h.).

#### Utsikten frå Kattnakken er storslått:

- mot nord ser ein Fitjarfjellet, Reksteren og Tysnes
- **mot aust** ser ein rett ned i Langenuen, skipsleia mellom Stord og Tysnes. Bakom ligg Huglo, før Hardangerfjorden skiljer mot dei store fjellmassiva i Kvinnherad. Folgefonna er ekstra vakker i solskinet. Legg merke til den nakne Nordhuglo og Tysnesskorpo. Bergarten er hard og sur med liten eller ingen vokster.
- mot sør får ein først eit flott inntrykk av det furukledde låglandet sør på Stordøya, med Ålandsvatnet og dei grunne vikane langs Hystadlandet mot Rommetveit. Berggrunnen i låglandet på Stord og Tysnes er kalkhaldig med frodig skog.

På sørenden av øya ser ein Aker Stord og deretter Klosterfjorden og Bømlafjorden, Føyno og Sveiolandet lengst borte. Det store samferdselsprosjektet «Trekantsambandet» går i dette området.

- mot vest er det utsyn til Bømlø og Fitjarøyane, med Selbjørnfjorden og Austevoll i nordvest. Stovegolvsfjellet stengjer noko av utsynet mot sørvest.

The road to the Kattnakken television tower (2) was built in 1968 and the TV-tower (Stord Transmitter) was operative the following year. The road is blasted into the mountainside at an even climb to the top.

Stordøya (Stord Island) is geologically quite interesting, consisting of hard rock types that the glaciers could not quite wear down. The summit area contains exposed intrusive and volcanic rock species, mostly gabbro. A good area for the rock hunter.

Kattnakken (2) comprises the northeastern part of the mountain plateau that extends from Stovegolvet (literally: The living-room floor) in the south via Skorafjellet to Midtfjellet in the north. At 724 metres above sea level the summit of Kattnakken is the second highest point on the island of Stord; surpassed only by Mehamarsåta to the north which is 749 metres high.

#### The panoramic view from Kattnakken is truly impressive:

- Towards the north you see Fitjarfjellet and the islands of Reksteren and Tysnes
- Towards the east you look straight down into the fjord of Langenuen, part of the ancient navigation channel. Past the island of Huglo the Hardangerfjord fronts the massive mountain range in Kvinnherad, where, on a fair day, the sun reflects off the Folgefonna glacier.
- Towards the south are the pine forests in the lowlands of Stord and you can see Ålandsvatnet and the shallows along the shore by Hystad and Rommetveit. The soil in the lowlands of Stord and Tysnes is calcareous and supports a lush vegetation.
- Towards the west you see the islands of Bømlø and Fitjar with Selbjørnfjord and Austevoll to the northwest. Notice the barren islands Nordhuglo and Skorpo; the rock species here are very hard and give rise to acidic soil with sparse or no vegetation.

On the south end of the island you can see the Aker Stord shipyard, now specialising in offshore oil and gas platforms. Further on lie Klosterfjorden, Bømlafjorden, the island of Føyno and in the distance the Sveio peninsula. In one of Norway's largest road construction projects ever, bridges and sub-sea road tunnels are now being built to join Stord and several of the smaller islands to the mainland.

---

#### Hugs:

*Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som fylgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturane er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.*

#### Remember:

*The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laying out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.*

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.